

Jan Mittet  
levegen 186  
5917 ROSSLAND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/13677 - 20/55574

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
07.09.2020

## Vedr. manglar ved søknaden - gbnr 349/15 lo

Tiltak: Bruksendring frå sjøbu til bustad  
Byggjestad: Gbnr: 349/15  
Tiltakshavar: Jan Mittet  
Ansvarleg søker:

Kommunen syner til søknad om dispensasjon, motteke 03.08.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 14.08.20.

Ved inkurie vart det registrert to separate søknader om forskjellige tiltak på same eigedommen gbnr 349/15 på same sak 20/13677.

Kommunen har rette feilen nå og opprette eigen sak 20/15138 for tilbygg på hovudbustad gbnr 349/15. Det skal foretas mottakskontroll i saken 20/15138 snarast.

Vi ber om følgjande tilleggsinformasjon i dispensasjonssaka for bruksendring av 2.etasje i sjøbu til bustadføremål:

1. Det skal avklarast utvida bruk av avkjørsle til ny bueininga. Næraste offentleg veg er kommunal, så saka må avklarast med samferdsel-, veg-, vatn og avlaupsavdelinga her.
2. Det er opplyst av søker at sjøbu har tidlegare vart tilkopla kommunalt vatn og hadde godkjent utslepp. Kommune har funnet i arkivet i sak 161/94 tilkoplingsløyve til kommunalt vatn av 1997 og utsleppsløyve til selskapslokale av 1997. I 2003 ble det søkt om fritak frå kommunale gebyra pga. sjøbu vart ikkje i bruk som selskapslokale men som naust/lagerbygg. Ved seinare byggesak må rørleggjar kome med stadfesting på at sjøbu har utslepp via slamavskiljar på 4 m<sup>3</sup> og kome med tilstandsrapport for vass- og avlaupsleidningar.

Vi ber om at dokumentasjon vert sendt inn samla innan 07.10.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Jan Mittet                          levegen 186                          5917                          ROSSLAND